



Alver kommune v/plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: cefb0eaf-d3a6-43ba-af87-  
b42e3b1c1636  
Vår: 22/1143 - 22/15888

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

24.02.2022

## **Oversender søknad om rehabilitering av bustad til uttale - gbnr 1/10 Flatøy**

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om rehabilitering av kommandantbustaden på Håøy datert 4. februar 2022.

Me er svært positive til at Bergen og Omland friluftsråd vil rehabilitera og ta i bruk kommandantbustaden på Håøy. Dei planane som ligg føre vil løfta friluftslivskvalitetane i området, og samstundes ta vare på det viktige kulturminnet som kommandantbustaden er.

Kommandantbustaden er per i dag ikkje verna, men har etter vår vurdering høg verneverdi. Det er difor viktig at det vert tatt omsyn til kulturminneverdiane ved den planlagde rehabiliteringa.

I notatet som følgjer ved søkndaen står det at tiltakshavar ynskjer å rehabilitera bygget og tilbakeføra fasaden slik den var på foto frå 1920-1930-talet. Me er positive til ei slik sikker tilbakeføring for dette bygget. I tråd med såkalla antikvariske prinsipp bør ein prøva å ta vare på mest mogleg av eksisterande materialar og berre byta ut det som er øydelagt. Der ein må nytta nye materialar bør desse vera av same type og kvalitet som eksisterande.

Me ber om at tiltakshavar konfererer med Kulturverntenesta i Nordhordland ved Arild Sætre (e-post: [arild.saetre@muho.no](mailto:arild.saetre@muho.no), tlf. 950 48 705) når det gjeld materialval og metodar.

Med helsing  
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG